



Stad kommune

**SKJEMA FOR GODKJENNING AV SKULAR OG BARNEHAGAR I STAD KOMMUNE
ETTER "FORSKRIFT OM MILJØRETTET HELSEVERN I BARNEHAGER OG SKOLER M.V."**

**Skjema skal nyttast for godkjenning av både nye og mellombelse barnehagar/skular.
Stad kommune er saksbehandlar og fattar vedtak, jamfør kommunelova § 28-1 a.**

SØKNAD OM GODKJENNING AV	
Namn skule / barnehage:	█
Adresse:	█
Namn på rektor / styrar:	█
E-post:	█
Telefonnr.:	█
Er skulen / barnehagen tidlegare godkjend?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, når? █
Underskrift	
█	█
Stad, dato	rektor / styrar

Søknaden som vert sendt inn skal ha følgjande vedlegg:

1. Teikningar av bygningar og uteområde.
2. Rapport frå radonmåling og CO₂målingar som er gjennomførte.

Skjemaet sendast:

Som vedlegg til e-post:

Postadresse:

Telefon:

Skjema er revidert i mars 2016 etter

- LOV 2011-06-24 nr 29: Lov om folkehelsearbeid. [Folkehelselova](#)
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v ([Føreskrift](#)).
- [IS-2072 – Miljø og helse i barnehagen - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler](#)
- [IS-2073- Miljø og helse i skolen - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler](#)
- Krav om godkjenning er heimla i [LOV 2011-06-24 nr 29: Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\)](#) med tilhøyrande føreskrift.

Skjema er tilpassa "[Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.](#)"

Kvar enkelt paragraf vert attgjeve i søknadsskjemaet. Krava er sett fram som spørsmål i skjemaet, og er berekna på nye og eksisterande verksemder. Det er laga ein rettleiar i kortversjon til søknads-skjema, denne ligg etter sjølve skjema. Spørjeskjema har lenker, slik at ein ved å klikke på paragrafen i spørjeskjema kjem direkte til aktuell paragraf i rettleiaren.

Skjema omfattar ikkje HMS-forhold for tilsette i verksemda. Føremålet med føreskrifta er å sikre at barna sitt arbeidsmiljø vert ivareteke.

Føreskrifta gjeld nye og eksisterande skular og barnehagar og andre verksemder som har tilsyn med barn som t.d. skulefritidsordning. Nye skular og barnehagar skal vere godkjende ved oppstart. Godkjenning etter "[Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.](#)" fritenk ein ikkje for godkjenning eller andre plikter fastsett i anna regelverk. At ein skule / barnehage er godkjent inneber at det offentlege har gjeve samtykke i at ein startar opp. Samtykke blir gjeve på bakgrunn av dei opplysningane og planane som ligg føre på tidspunkt for godkjenning. Godkjenning åleine er ikkje eit kvalitetsstempel for verksemda.

Mellombelse lokale skal også vere godkjende etter "[Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.](#)" før ein tek desse i bruk.

Vedtak om godkjenning er eit enkeltvedtak og kan klagast på til fylkesmannen innan tre veker ifølge [Forvaltningsloven](#). Ein eventuell klage eller andre spørsmål knytt til skjema og godkjenningsprosessen rettast til Stad kommune. Klagen må grunngjevast.

§ 1. Føremål

Føreskrifta sitt føremål er å bidra til at miljøet i barnehagar, skular og andre miljø som nemnt i § 2 fremjar helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold samt førebygger sjukdom og skade.

§ 2. Virkeområde

Føreskrifta kjem til nytte ved planlegging, tilrettelegging og drift av:

1. barnehagar og andre verksemdar som mot godtgjersle gjev tilsyn med og omsorg for born under skulepliktig alder når:
 - a) verksemda er regelmessig, og
 - b) tilbyr ei opphaldstid på meir enn ti timar per veke, og
 - c) tal born som er tilstade samtidig, er tre eller fleire.
2. grunnskular
3. vidaregåande skular

- Barnehage
 Friluftsbarnhage
 Korttidsbarnhage
 Anna:

- Dagmamma-verksemd
 Familiebarnhage
 Kommunal
 Privat

- Grunnskule 1.-7. / 1.-10.
 SFO
 Ungdomsskule
 Vidaregåande skule

§ 3. Definisjonar

I denne føreskrift :

- a) **INTERNKONTROLL:** Å sjå til at krav fastsett i eller i medhald av lov eller føreskrift vert overhalde.
- b) **INTERNKONTROLLSYSTEM:** Systematiske tiltak som skal sikre og dokumentere at aktiviteten vert utøvd i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av lov eller føreskrift. Dei systematiske tiltaka skal vere beskrive i administrative prosedyrar.

§ 4. Ansvar. Internkontroll

Leiar av verksemda har ansvar for å sjå til at reglar i eller i medhald av denne føreskrift vert overhalde, og skal rette seg etter dei pålegg som kommunestyret til ei kvar tid gjev. Verksemda sin eigar skal sjå til at det er etablert eit internkontrollsystem.

Har verksemda etablert eit skriftleg internkontrollsystem og sett dette i drift? Ja Nei

Er IK-systemet tilpassa krava i føreskrift om miljøretta helsevern? Ja Nei

Har verksemda eit system for avviksbehandling? Ja Nei

Kommentarar:

§ 5. Opplysnings- og informasjonsplikt

Leiar av verksemda pliktar å legge fram dei opplysningar som er nødvendige for at kommunestyret skal gjennomføre oppgåvene sine etter denne føreskrifta. Leiar av verksemda skal, med avgrensingar som følgjer av teieplikta, sørge for at det uoppfordra vert gjeve relevant informasjon til føresette og/eller elevar om forhold ved verksemda som kan ha negativ innverknad på helsa.

Finst det rutinar for informasjon til kommuneoverlegen/Folkehelseavdelinga dersom det er forhold som **ikkje** er i samsvar med føreskrifta? Ja Nei

Blir føresette og elevar varsla dersom det vert avdekkja forhold som kan ha negativ innverknad på borna si helse?

Ja Nei

Beskriv:

§ 6. Krav om godkjenning

Verksemder som vert omfatta av føreskrifta jf. § 2, skal vere godkjent av kommunestyret. Godkjenning etter denne føreskrifta frittek ikkje for reglar som er gjeve i medhald av anna regelverk. Søknad skal leggast fram for godkjenningsmyndigheit når det ligg føre plan for etablering, utviding eller endring av verksemda.

Søknad om godkjenning skal innehalde dokumentasjon som viser korleis verksemda sin eigar vil sikre at verksemda vert planlagt, etablert, driven og vidareutvikla i samsvar med føreskrifta sine reglar. Det må gå fram kor mange barn/ elevar og tilsette verksemda er berekna for. For søknad om godkjenning av private verksemder utan offentleg støtte som vert omfatta av føreskrifta, skal saksbehandlingsfrist som nemnd i tenestelova § 11 første ledd første punktum, vere fire månader.

Tenestelova § 11 andre ledd om at løyve vert å sjå på som gitt når saksbehandlingsfristen er ute, gjeld ikkje for godkjenning etter denne føreskrifta.

Verksemda sitt byggeår:

Eventuelle ombyggingar i år:

Areal i m²:

Kor mange barn/ elevar er verksemda **berekna** for?
Kor mange barn/ elevar **går** i barnehagen/på skulen?

barn/ elevar.
 barn/ elevar.

Kor mange tilsette er verksemda **berekna** for?
Kor mange tilsette er det i verksemda ?

tilsette.
 tilsette.

§ 7. Generelle krav

Verksemda som vert omfatta av føreskrifta, skal vere helsemessig tilfredsstillande.

Verksemda skal planleggast, byggast, leggast til rette og drivast slik at føreskrifta sine reglar om trivsels-, helse-, hygiene- og sikkerheitsmessige forhold vert oppfylt på ein ålment akseptert måte.

§ 8. Plassering

Ved val av plassering for ny verksemd som vert omfatta av føreskrifta, skal det takast omsyn til trafikkforhold, luftforureining, støy, klimaforhold og risikoforhold i miljøet, samt området si utforming og topografi.

Er det knytt problem til:

Støy

Ja Nei

Trafikkforhold

Ja Nei

Luftforureining

Ja Nei

Klimaforhold

Ja Nei

Tryggleiksmessige forhold

Ja Nei

Kommentarar:

Dersom nærområdet rundt verksemda vert brukt til leik, undervisning o.a., er denne bruken sikra i kommunen sine reguleringsplanar?

Ja Nei

§ 9. Utforming og innreiing

Lokala og uteområdet skal vere utforma og innreia slik at føreskrifta sitt føremål vert ivareteke. Funksjonshemma sine behov skal ivaretakast. Verksemda skal vere utforma og innreia slik at tilfredsstillande reinhald og avfallshandtering er mogleg.

Har bygningen universell utforming / er det teke omsyn til fysisk tilgjenge for personar med ulike funksjonsnedsettingar? Ja Nei

Beskriv kort :

For skular:

Vert klasseromma disponert slik at dei er i samsvar med arealnorma (minimum 2 m² pr. born)? Ja Nei

Kommentarar m.o.t. romvariasjon:

Finst det eigna garderobeforhold for oppbevaring og tørking av yttertøy og sko? (Knaggar og skohyller i korridorar på skulane) Ja Nei

Blir det praktisert at yttertøy ikkje vert teke med inn i klasserom? Ja Nei

Brukar elevane innesko? Ja Nei

Er bord og stolar tilpassa brukarane sin storleik? Ja Nei

Beskriv:

For barnehagar:

Finst det eigna garderobeforhold for oppbevaring og tørking av yttertøy og sko? (Garderobe med åtskilte hyller/knaggar i barnehage) Ja Nei

Er leikeareal inne i samsvar med arealnorma? (Minimum 5,3 m² pr. born under 3 år, og 4 m² netto pr. born over 3 år) Ja Nei

Kommentarar:

§ 10. Moglegheit for aktivitet og kvile mv.

Verksemda skal planleggast og drivast slik at den dekkjer ulike behov for aktivitet og kvile.

Er leikeområdet slik at det gjev moglegheit for leik og aktivitet for alle aldersgrupper? Ja Nei

Gjev leikeområdet moglegheit for leik til alle årstider? Ja Nei

Beskriv:

For barnehagen:

Finst det eigna rom for barn som treng søvn og kvile? Ja Nei

Dersom barn søv ute i vogn, finst det eigna stad for dette med skjerming for sol og vind? Ja Nei

Kommentarar:

§ 11. Måltid

Det skal finnast eigna moglegheiter for å ete som òg ivaretek måltidet sin sosiale funksjon. Verksemda skal i nødvendig utstrekning ha tilfredsstillande moglegheit for lagring, tillaging og servering av mat i samsvar med næringsmiddelovgjevinga.

Har alle brukarane *enkel tilgang* til handvask i samband med måltida? Ja Nei

Oppfyller kjøkken/kantine Mattilsynet sine krav på området (m.o.t. kjølekapasitet og reinhaldsrutinar)? Ja Nei

Vert kosthaldsråd og måltid gjennomført i samsvar med Helsedirektoratet sine tilrådingar? Ja Nei

Føregår måltida i samvær med vaksne? Ja Nei

Har verksemda ordning med frukt og grønnsaker til barna/elevane? (*Ikkje krav i føreskrift*) Ja Nei

Kommentarar:

§ 12. Psykososiale forhold

Verksemda skal fremje trivsel og gode psykososiale forhold.

Er det etablert rutinar for å ta imot og legge forholda til rette for nye barn? Ja Nei

Er det etablert faste samarbeidsmøter mellom skulen/barnehagen og:

- Skulehelsetenesta/helsestasjon? Ja Nei
- Pedagogisk-psykologisk rådgjevingsteneste? Ja Nei
- Andre aktuelle samarbeidspartnarar? Ja Nei

Har verksemda rutinar/planar som sikrar jamleg samarbeid med foreldre og elevar/barn (foreldremøter, samarbeidsutvalsmøter, o.a.)? Ja Nei

Har verksemda rutinar for førebygging og arbeid med mobbing/vald/krenkande åtfærd? Ja Nei

Kommentar:

§ 13. Reingjering og vedlikehald

Dei delar av verksemda sine innandørsareal som er i dagleg bruk, skal ha forsvarleg reinhald etter hygienisk tilfredsstillande metodar. Hovudreingjering skal gjennomførast årleg i areala innandørs. Uteområda og tekniske anlegg skal haldast ved like og reingjerast etter behov.

Har verksemda eigen reinhaldsplan? Ja Nei

Er utforming og innreiing slik at det er lett å halde reint? Ja Nei

Finst det bruksareal med teppegolv? Ja ca. m²: Nei

Har barnehagen rutinar på fast og smitterisikovurdert reinhald av leikar? Ja Nei

Vert det gjennomført årleg hovudreingjering innandørs? Ja Nei

Er inngangspartia lagt til rette for førebyggjande reinhald innandørs (matter, rister osv.)? Ja Nei

Har verksemda eit system for ettersyn og vedlikehald av uteområde? Ja Nei

Har verksemda eit system for ettersyn og vedlikehald av tekniske anlegg? Ja Nei

(T.d. ventilasjonsanlegg - rutinar for filterskift, etc.)

Kommentarar:

§ 14. Sikkerheit og helsemessig beredskap

**Verksemda skal planleggast og drivast slik at skadar og ulukker vert førebygd.
Verksemda skal ha rutinar og utstyr for handtering av ulykkes- og faresituasjonar.
Rutinane og sikkerheitsutstyret skal vere kjent for alle, òg barna/elevane.**

Er sikkerheita ivareteken på inne-områda? Ja Nei

Korleis vert dette utført?

Er sikkerheit ivareteken på uteområdet? Ja Nei

Korleis vert dette utført?

Vert det gått regelmessige vernerundar der foreldre / føresette / elevar er involvert? Ja Nei

Har verksemda rutinar ved innkjøp og bruk av leikar og leikeplassutstyr som sikrar at utstyret er godkjent etter "[Forskrift om sikkerhet ved leketøy \(leketøyforskriften\)](#)" og "[Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr](#)"? Ja Nei

Har verksemda rutinar og utstyr for handtering av ulykkes- og faresituasjonar? Ja Nei

(Inkludert varslingsrutinar til hjelpeinstansar og føresette)

Er det etablert beredskapsplanar for krisehandtering (T.d. ved dødsfall, alvorleg sjukdom eller misbruk)? Ja Nei

Dersom verksemda har spesialrom for t.d. fysikk, kjemi, sløyd og oppbevaring av kjemikalier, brannfarleg materiale, elektriske apparat:

- Har verksemda rutinar for kontroll av sikkerheit i spesialrom? Ja Nei
- Har verksemda naudsynt personleg verneutstyr i spesialrom? Ja Nei

Har verksemda brannvarslingsrutinar-/anlegg og brannsløkkingsutstyr i medhald av brannvernlova? Ja Nei

Har verksemda rutinar for opplæring i bruk av brannsløkkingsutstyr? Ja Nei

Har verksemda rutinar for informasjon til foreldre ved f.eks. luseepidemi eller utbrot av smittsame sjukdommar? Ja Nei

Er rutinane og sikkerheitsutstyret kjend for alle, både tilsette og barn/elevar? Ja Nei

Beskriv kort rutine for informasjon til nyttilsette:

§ 15. Førstehjelp

Verksemda skal ha førstehjelpsutstyr i tilstrekkeleg mengde og av tilfredsstillande standard. Utstyret skal vere forsvarleg plassert. Verksemda sin eigar skal sørge for at alle tilsette er kjend med kvar utstyret vert oppbevart og korleis ein yt hjelp.

Har verksemda førstehjelpsutstyr av tilstrekkeleg mengde og standard? Ja Nei

Av kven og kor ofte vert utstyret kontrollert m.o.t. funksjon og utløpsdato?

Er alle tilsette kjent med kvar utstyret vert oppbevart? Ja Nei

Har tilsette med ansvar for symje-opplæring / som er med barn på tur til vatn/sjø årleg oppdatert kompetansebevis for "Livredning for personale i skoler og barnehager"? (ikkje krav i føreskrift for barnehagen) Ja Nei

Har alle fast tilsette, vikarar, praktikantar m.v. fått opplæring i korleis ein yt hjelp? Ja Nei

Kor ofte vert førstehjelpsopplæringa repetert?

Beskriv:

§ 16. Tilrettelegging basert på opplysningar om helseforhold

Verksemda skal oppmunde føresette til elevar og barn om å opplyse om forhold ved barnet si helse som dei ynskjer at personalet skal ta særskilt omsyn til.

Kva rutinar har verksemda for å fange opp helsemessige behov som krev spesiell tilrettelegging eller beredskap for enkeltelevar/ barn?

Beskriv:

Har verksemda rutinar for å hente inn og handtere (mottak, bruk, formidling, oppbevaring, fjerning osv.) av helseopplysningar om barn eller foreldre / føresette? Ja Nei

§ 17. Smittevern

Verksemda skal planleggast og drivast slik at risikoen for spreing av smittsame sjukdommar blir så liten som praktisk mogleg.

Har skulen/barnehagen rutinar i samband med tilsetting av personar som kjem frå eller har opphalde seg meir enn 3 månader i løpet av dei 3 siste åra i land med høg førekomst av tuberkulose? Ja Nei

Har verksemda rutinar for førebygging av legionella i dusjanlegg? Ja Nei

Beskriv:

Blir uteområdet regelmessig undersøkt med tanke på smittefarleg avfall? (Eks. sprøytespissar, avføring frå dyr o.l.) Ja Nei

Har verksemda klare rutinar for tilsette og barn/elevar når det gjeld handvask med såpe etter toalettbesøk og før måltid? Ja Nei

Kva reglar har skulen/barnehagen for barn sitt opphald i verksemda ved sjukdom?

Døme: (Tilgang til Folkehelseinstituttet si [Smittevernbok](#)):

§ 18. Røyking

Det skal ikkje røykast i verksemda sitt inneområde.

I verksemdar som drivast i private heimar, gjeld denne regelen berre i verksemda si opningstid.

Er forbodet mot røyking effektivt slik at røyking ikkje førekjem til noko tid i skulen/barnehagen? Ja Nei

Vert forbodet mot røyking òg praktisert på verksemda sitt uteområde? Ja Nei

§ 19. Inneklima/luftkvalitet

Verksemda skal ha tilfredsstillande inneklima, her under luftkvalitet.

Temperaturregulering og ventilasjon skal vere tilpassa bruksområdet og årstidsvariasjonar.

Den relative luftfuktigheit i romma må ligge på eit slikt nivå at fare for muggdanning ikkje førekjem.

Ioniserande stråling skal ikkje overskride eit ålment akseptert nivå.

Kva type(r) ventilasjonsanlegg har verksemda? (legg ev. ved planteikningar ventilasjon):

Kva type oppvarming har verksemda?

Blir det gjennomført regelmessige manuelle lufteutningar (t.d. mellom kvar skuletime)? Ja Nei

Er temperaturforholda tilfredsstillande? Ja Nei
(Tilrådd 23 – 26 °C sommar, 20 – 24 °C vinter, men helst ikkje over 22 °C i fyringssesongen)

Er det termometer i alle opphaldsrom? Ja Nei

Kan vindauge i opphaldsromma opnast? Ja Nei

Er romma fri for ubehageleg trekk? Ja Nei

Er det mogleg å skjerme mot sjenerande solinnstråling og overoppheting? Ja Nei
(T.d. markiser eller persienner)

Beskriv kort:

Er det målt CO₂ (karbondioksid) i romma? Ja Nei
(Norm tilseier verdiar lågare enn 1000 ppm ved maksimal personbelastning)
Dersom ja; legg ved kopi av resultat; vedlegg nr.

Er det målt radonkonsentrasjon i bygget? (Årsmiddel skal vere under 100 Bq/m³): Ja Nei
Dersom ja, legg ved kopi av resultat; vedlegg nr.
Er det utført tiltak og gjort påfølgande målingar? Beskriv kort:

Er det fokus på orden og ryddigheit slik at ein unngår støvsamlende flater i romma? Ja Nei

Finst det teikn på fuktskader (spor, lukt av mugg, råte etc.)? Ja Nei
Dersom ja; kva rom / område:

Har det vore klagar på inneklima frå barn / elevar / føresette? Ja Nei

Dersom ja; har dette blitt fulgt opp? Beskriv kort:

Kommentarar:

§ 20. Belysning

Verksemda sine lokale og uteområde skal ha ei belysning som er tilfredsstillande i forhold til den bruk verksemda er planlagt for.

Har verksemda tilfredsstillande belysning? (Jf. krava i [Lyskulturs luxtabell](#)) Ja Nei
Kommentarar:

Har uteområde tilfredsstillande tilleggsbelysning med omsyn til tryggleik for barna? Ja Nei
Kommentarar:

§ 21. Lydforhold

Verksemda sine lokale og uteområde skal ha tilfredsstillande lydforhold.

Opplevast nokon form for støy som eit problem innandørs? Ja Nei
Angje ev. problem, t.d. støy frå teknisk installasjon, etterklang eller anna:

Er uteområdet belasta med støy frå spesielle kjelder? Ja Nei
Beskriv kort:

§ 22. Drikkevatt

Verksemda skal ha tilstrekkeleg forsyning av hygienisk trygt drikkevatt som tilfredsstiller krava i *Forskrift av 1. januar 1995 nr. 68 om vannforsyning og drikkevann m.m.*

Er verksemda si drikkevasskjelde godkjent etter [Forskrift om vannforsyning og drikkevann \(Drikkevannsforskriften\)](#)? Ja Nei

Namn på vassverk (drikkevassleverandør):

§ 23. Sanitære forhold

Verksemda skal ha eit tilstrekkeleg tal tilgjengelege toalett og vaskar. Sanitære anlegg skal ha hygienisk tilfredsstillande utforming, kapasitet og standard.

Finst det toalett og sanitært utstyr i tilstrekkeleg tal? Ja Nei
(I barnehage 1 pr. 10 barn, i skule 1 pr. 20 barn)

Er desse i god stand? Ja Nei
Ev. beskriv kort:

Er det dispenser for flytande såpe og papirhandkle ved alle handvaskar? Ja Nei

Er spritdispenser tilgjengeleg der det er vanskeleg tilgjenge for handvask? Ja Nei

Særskilt for barnehagar:

Har barnehagen gode mogelegheiter for handvask med skåldesperre tilpassa barna sin alder? Ja Nei

Har alle stellerom og toalett handvask med blandekran? Ja Nei

Er det avfallsbøtte med lokk for bleier? Ja Nei

Har barnehagen eige stellerom til dei minste borna? Ja Nei

Kommentarar:

§ 24. Avfallshandtering

Verksemda skal handtere og oppbevare avfall på ein hygienisk trygg måte slik at ulemper, her av smittefare, vert unngått. Avfall skal oppbevarast forsvarleg. Eigna behaldarar skal finnast i tilstrekkeleg tal og vere hensiktsmessig og forsvarleg plassert.

Beskriv kort rutinar for handtering og oppbevaring av avfall:

Beskriv kort rutinar for handtering av risikoavfall (blod, oppkast):

Beskriv kort rutinar for handtering av spesialavfall (løsemiddel, maling osv.):

Eventuelle kommentarar / aktuell informasjon:

KORTFATTA RETTLEIAR TIL SØKNADSSKJEMA OM GODKJENNING AV BARNEHAGAR OG SKULAR

Sjå òg fullstendige rettleiarar:

- [IS-2072 – Miljø og helse i barnehagen - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler](#)
- [IS-2073- Miljø og helse i skolen - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler](#)

INNLEIING

Denne rettleiaren er meint som ei hjelp til å fylle ut søknadsskjemaet. I søknadsskjemaet vert det stilt ei rekke spørsmål som søker må svare ja eller nei på. Rettleiaren skal forsøke å få fram meir detaljerte krav på kva som må til for at søker kan svare ja.

For nokre av paragrafane vert det beskrive kva som må til for å oppnå tilfredsstillande standard. Andre paragrafar vert utdjupa med sjekklister. Slike sjekklister kan òg gå inn i verksemda sitt internkontrollsystem.

SØKNADEN

Søknaden som vert sendt inn skal ha følgjande vedlegg:

- Teikningar av bygningar og uteområde.
- Rapport frå radonmåling og CO₂-målingar som er gjennomført.

INNHALD:

[§ 4. Ansvar. Internkontroll](#)

Leiar av verksemda er her rektor ved ein skule eller styrar i ein barnehage.

Internkontroll er ein kontroll barnehagen / skulen sjølve utfører, og som dokumenterer at regelverk vert etterlevd på ein systematisk måte. Internkontrollsystemet skal gjere det enkelt å drive kontinuerleg forbetningsarbeid i verksemda. Internkontrollsystemet skal vere funksjonelt og helst kortfatta. Dette internkontrollsystemet kan med fordel samordnast med internkontrollplikta etter anna regelverk slik som [Forskrift om systematisk helse-, miljø-, og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(internkontrollforskriften\)](#).

Eit internkontrollsystem for barnehagar og skular skal m.a. innehalde beskriving av:

- a) Verksemda sitt mål
- b) Korleis barnehagen/ skulen er organisert - leiing, organisasjonskart, ansvar og oppgåver, delegering, vernepersonell, elevorganisasjonar m.m.
- c) Prosedyrar for etterleving av reglar i denne føreskrift
- d) Prosedyrar for avvikshandtering
- e) Prosedyrar for korrigerande tiltak
- f) Prosedyrar for revisjon av internkontrollsystemet

g) Dokumentasjon som gjev oversikt over verksemda si drift m.o.t. føreskrifta sitt krav (årshjul, årsrapport o.l.)

§ 5. Opplysnings- og informasjonsplikt

Leiar ved barnehagen/ skulen er ansvarleg for at både tilsynsmyndigheiter, tilsette, føresette og/ eller barna uoppfordra vert informert om forhold som kan ha negativ innverknad på barna si helse. Barnehagen / skulen bør saman med helsemyndigheitene (t.d. kommunelege, helsesøster, miljøretta helsevern) samarbeide om utarbeiding av rutinar, kva som skal varslast og til kven når det gjeld forhold som kan ha innverknad på borna / elevane si helse. Dette kan vere alt frå klager på inneklima, klagar på reinhald, oppussing som medfører støy, støv etc. til forhold som kan medføre smitte blant born og tilsette, utfordringar i det psykososiale miljøet, alvorlege skadar / hendingar born / elev vert utsett for, skadedyr etc.

§ 6. Krav om godkjenning

Alle verksemder som er omfatta av føreskrifta skal vere godkjent av kommunen, og godkjenning vert gitt etter søknad. **Det er viktig at det ikkje er godkjenninga i seg sjølve som er målet, men at barnehagen / skulen heile tida jobbar for eit miljø som fremjar helse, trivsel og læring hos borna.** Mellombelse lokale skal også vere godkjende etter "[Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.](#)" før ein tek desse i bruk.

§ 8. Plassering

Ved val av plassering for nye verksemder og ved vesentlege endringar og utviding av eksisterande verksemder skal det m.a. takast omsyn til trafikktilhøve, tilgjenge, forureining, støy, klimatilhøve og risikofaktorar i miljøet, samt området sin utforming og topografi. Dette gjeld både miljøfaktorar som kan få innverknad på verksemda, og miljøfaktorar som verksemda kan påføre omgjevnadane.

Dersom nærområda rundt skulen/barnehagen vert nytta til leik, undervisning osv., vil tilgjenge til dette området vere viktig for helse og trivsel. Spørsmålet ynskjer difor å avdekke ev reguleringar og planar for nærområda rundt verksemda.

§ 9. Utforming og innreiing

Reglane omfattar skulen / barnehagen sitt totale ute- og inneareal, og må sjåast i samanheng med krav fastsett i sentrale føreskrifter vedgåande byggtekniske krav ([TEK 10](#)) og krav til *universell utforming* samt [opplæringslova § 9a-2.](#)

Personar med nedsett funksjonsevne:

Bygningstekniske tilpassingar kan vere aktuelt i samband med:

- tilkomst (tilkomstveg og inngang)
- innvendige kommunikasjonsvegar
- toalett, garderobe, dusj
- manøverknappar, skilt o.l.

Under nemninga funksjonshemma kjem òg personar med t.d. syns- eller hørselshemmingar. For desse gruppene kan det vere aktuelt å utføre fysiske tiltak. Ei kort skissering av eventuelle tiltak bør gå inn i søknaden om godkjenning.

Arealnormer

- Ved berekning av elevtal i eit *vanleg* klasserom skal det planleggast etter ei arealnorm på *minimum* 2 m² pr. elev. Det må takast omsyn til romma si utforming, takhøgde og ventilasjonsforhold.

Rettleiande norm på storleik på inneareal (Utdanningsdirektoratet) er følgjande:

- For born over tre år: 4 m² netto leike- og opphaldsareal pr. born.
- For born under tre år: ca. 1/3 større leike- og opphaldsareal enn norma angjev for barn over tre år; dvs. 5.3 m²

Dette er å forstå som *minstekrav*. Dei romma som ikkje skal reknast med til leike- og opphaldsrom er personalrom, kontor, vaskerom, stellerom, toalett, oppbevaringsrom, inngangar (grovgarderober) og liknande.

- Det fins ulike driftsformer for barnehagar tilpassa lokale behov og forhold. Nye former som gardsbarnehagar, barnehagebussar, friluftsbarnhagar osv. førekjem. Dersom kriteria i § 2 i denne føreskrifta er oppfylt, skal krava i føreskrifta følgjast uansett driftsform.
- I barnehagar bør barna sitt leikeareal ute vere omlag seks gonger leike- og opphaldsarealet inne.
- For skular føreligg det generelle tilrådingar; syner her til rapport [IS-1130 "Skolens utearealer – om behovet for arealnormer og virkemidler"](#) (Helsedirektoratet).

Utforming og innreiing m.o.t. reinhald:

Inngangspartiet

Det bør finnast rist, kost e.l. ved inngangspartiet. Særleg i barnehagar kan det vere behov for å spyle av sølete sko og gummibukser. Toalett bør ligge nær verksemda sin inngang. Dette gjev lettare tilgjenge når barna er ute, og ein hindrar at unødig mykje søle o.l. vert drege med inn når barna må på toalettet.

Inne

Ei utforming og innreiing utan for mange opne hyller o.l. som støv kan samle seg på, er viktig for at tilfredsstillande reingjering kan gjennomførast. Meir om dette under § 13.

Eigna plass for oppbevaring og tørking av yttertøy

- I barnehagane er det naturleg at barna kler av seg i ein garderobe før dei går inn i opphaldsromma inne. Folkehelseavdelinga tilrår at ein *i minst mogleg grad* nyttar tørkeskåp men heller fokuserer på at barna har tilstrekkeleg skiftekle med seg til ei kvar tid. Dersom ein har tørkeskåp bør dette monterast slik at det er lufting direkte til friluft. Det vil i periodar vere behov for å tørke regnkle og støvlar. Vottar, luer, bomull og fleece skal ikkje tørkast i tørkeskap då dette også kan vere ei kjelde til smitte i tillegg til å auke luftfuktigheita i lokala. I tillegg vil bruk av tørkeskåp auke avgassing frå tekstilane som heng i skapet. Våte kle, inkludert yttertøy og sko / støvlar, vert lagt i pose og tatt med heim dagleg til vasking og tørk. Syner til informasjonsskriv som ligg på heimesida til

Folkehelseavdelinga ["Råd til foreldre og føresette for å få best mogeleg inneklima for alle i barnehagen"](#)

- I skular skal ikkje yttertøy takast med inn i klasseromma. Våte kle (med dyrehår, støv m.m.) er ein svært negativ faktor for inneklimaet. Det tilrådest òg bruk av innesko for å fremje eit godt inneklima.

§ 10. Moglegheit for aktivitet og kvile m.v.

Aktivitet

Barn og unge i barnehage og grunnskule har eit stort behov for å vere i aktivitet, og dei ulike aldersgruppene har ulike behov. Barnehagen/ skulen må ha eit uteområde som er tilpassa barn sin alder med tanke på ulike former for leik, utfordringar og sikkerheit.

Barnehagen/ skulen må legge til rette for eit variert aktivitetstilbod for:

- store grupper (f. eks. ballbaner)
- mindre grupper (f. eks. rolleleik)
- individuell leik (f. eks. klatring)

Leikeområdet må vere så stort at dei ulike aktivitetane ikkje kjem i konflikt med kvarandre. Små barn skal ha moglegheit til å leike utan å bli forstyrra av eldre born.

Kvile

Dei yngste barna har størst behov for kvile, og barnehagen må ha eigne rom der dei minste kan kvile i løpet av dagen. Rom som vert nytta til søvn og kvile skal ha god kvalitet på innemiljøet. Med dette meiner ein m.a. støyisolering og god luftkvalitet; jf. også § 19. Det bør finnast uteplass slik at barna kan sove ute når forholda tillèt det. Den bør vere skjerma for støy, vær og vind, og lett kunne sjåast innanfrå. Nyttar ein leskur el.likn., må lydforhold og luftkvalitet også vurderast, samt mogelegheit for evakuering

§ 11. Måltid

Lagring, tillaging og servering av mat må skje i samsvar med råd og reglar frå [Mattilsynet](#) og [Helsedirektoratet](#) sine tilrådingar for mat og måltid i skule og barnehage.

§ 12. Psykososiale forhold

Eit godt tverrfagleg og tverretatleg samarbeid der psykososiale forhold blir sett på dagsorden er viktig.

Krav om rutinar/planar for å skape gode samarbeidsforhold

Informasjon om dette finn ein òg i barnehagelova og opplæringslova. Denne rettleiaren referer berre til dei ulike paragrafane:

Lov om barnehager (barnehageloven):

- § 1. Formål
- § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval
- § 21. Opplysningsplikt til sosialtjenesten
- § 22. Opplysningsplikt til barneverntjenesten
- § 23. Helsekontroll av barn og personale

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

- § 1-1. Formålet med opplæringa
- § 9a-1. Generelle krav (Elevane sitt skolemiljø)
- § 9a-2. Det fysiske miljøet
- § 9a-3 Det psykososiale miljøet
- § 9a-4. Systematisk arbeid for å fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)
- § 9a-5. Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet
- § 9a-6. Informasjonsplikt og uttalerett
- § 11-9. Foreldreutvalet for grunnopplæringa
- § 13-3d. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å sørge for foreldresamarbeid

§ 13. Reingjering og vedlikehald

Reinhald er viktig for luftkvaliteten, for smittevern og for ivaretaking av det estetiske og det fysiske miljøet. Riktig reinhold reduserer ulike forureiningar i inneluft og uteluftforureining som mikroorganismar, allergenar, partikler og andre irritantar. Riktig reinhold er òg viktig for å redusere smitteoverføring, spesielt ved sanitæranlegg, drikkevassanlegg og ved avfallshandtering. Den estetiske opplevinga av reinhalds- og avfallshandteringa rundt oss påverkar oss på ulike måtar utan at dette direkte kan knytast opp mot ein helseeffekt. Riktig reinhold er viktig for å oppretthalde ein akseptabel standard på innvendige flater i bygg, t.d. golv, tekniske anlegg, sanitærutstyr, og tekstilar. Manglande vedlikehald og slitasje kan gjere det vanskelegare å halde overflater tilfredstillande reine, slik at det lettare dannast grobotn for mikrobiell vekst. Tilsvarende vil dette òg gjelde uteareal, kor manglande reinhold kan auke slitasjen på overflatene og på ulike måtar bidra til å auke partikkelinnhaldet i lufta (ute og inne).

Førebyggjande reinhold i inngangsparti:

- Flater som er lette å halde reine utandørs
- Vass-slange til spyling av regntøy, støvlar o.a. i barnehagar
- Kost og rist eller matte framom inngangen
- Absorberande matter innanfor inngangen

Avgrens støvsamlende flater som:

- Opne hyller og skap
- Skap som ikkje når til taket
- Liggande panel
- Nedfelte lysarmatur

Hugs:

- Avgrens støvande og støvsamlende inventar som tepper o.a.
- Gardiner, møbeltrekk, putetrekk o.l. må kunne vaskast/reinsast

Forslag til reinhaldsliste

Dette er *eit forslag* til liste over reinhaldspunkt og dei hyppigheitskrav som kan stillast til reinhald i barnehagar:

REINHALDSPUNKT	Dagleg	2g/veke	Kvar veke	Kvar månad	4g/år	Årleg	Etter behov
golv, bord, stolar, dørhandtak	x						
vaskar, vaskerenner, WC	x						
komfyr, oppvaskbenk	x						
tømme søppelbøtter	x						
støvtørk av større inventar	x						
tepper, matter, puter, pledd (lufting/støvsuging)	x						
handkle og klutar	x						
hyller for leikar		x					
garderobe		x					
lister og karmar			x				
madrassar, stoppa møblar (lufting/støvsuging)			x				
stolar og anna inventar			x				
kjøleskap				x			
kjøkkenskap inkl. ventilator				x			
tørkeskap/tørketrommel				x			
utvendig rengjering av synlege ventilasjonskanalar					x		
hengande lysarmatur					x		
bord (alle flater)					x		
vindauge					x		
veggar med liggande panel eller ru overflate					x		
gardiner						x	
veggar						x	
fast lysarmatur						x	
større inventar						x	
boder, lagerrom						x	
persiener, sol-skjerming						x	
radiatorar, panelomnar						x	
tepper, matter, madrassar, puter, stoppa møblar						x	
boning av golv							x
utkledningstøy/dukkekle							x
leikar (inne/ute)							x

Vedlikehold:

Med vedlikehold meiner ein tiltak for å oppretthalde teknisk og funksjonell standard. Eit planlagt, førebyggjande vedlikehold er avgjerande for at barnehagebygningen / skulebygningen med installasjonar skal fungere tilfredsstillande. Vedlikehold startar allereie i planleggingsfasen av nytt bygg. Det bør veljast løysingar og produkt som er enkle å vedlikehalde.

§ 14. Sikkerheit og helsemessig beredskap

Verksemda skal ha rutinar for handtering av ulykkes- og faresituasjonar.

Det skal vere varslingsystem og varslingsutstyr for brannsløkking. Verksemda må ha prosedyrar for evakuering ved brann og andre faresituasjonar som kan oppstå.

Det skal vere rutinar for registrering av ulukker og skadar i verksemda.

Barnehagen / skulen bør ha eigne sjekklister / vernerundeskjema som omfattar aktuelle forhold på inne- og uteområde. Forslag til sjekklister / vernerundeskjema er å finne på heimesida til [Folkehelseavdelinga](#). Desse må tilpassast den einskilde barnehage / skule mtp utfordringar og risiko.

Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr

Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr er heimla i produktkontrollova. Kontrollen av lekeplassutstyret bør innarbeidast i internkontrollsystemet.

§ 15. Førstehjelp**Førstehjelpsutstyr og sjekk av dette:**

Førstehjelpsutstyret må vere plassert lett tilgjengeleg for vaksne og utilgjengelig for born. Utstyret bør sjekkast ein gong pr. halvår med tanke på haldbarheitsdato. Skriv opp sjekkdato på innsida av skapdøra.

Førstehjelpsskapet bør innehalde:

- Saks
- Pinsett
- Munn-til-munn-maske (må trene på å bruke den)
- Plaster
- Gasbind
- Bandasjetape
- Sterile kompress (5-10 stk)
- Små kompressar til sårvaske
- Desinfeksjonsmiddel – klorheksidin eller pyrisept
- Enkeltmannspakke (trykkbandasje med festeband)
- Elastisk bind
- Fatle og sikkerheitsnåler
- Flytande medisinsk kol - nyttast ved svelging av legemiddel, sopp, plantegifter. Ring 113 og konferer før det vert nytta.

- Glas til augebadevatn
- Eingongshanskar
- Isposar
- Reseptfritt smertestillande middel - flytande / stikkpillar / tablettar (Paracet / Pinex etc)

Opplæring:

Innhald i førstehjelpsopplæring for tilsette i skular og barnehagar:

(punkt med understreking er lenka til informasjon på nettsida til www.nrr.org)

- Varsling ved skade og ulukker
- [Basal HLR på barn](#)
- [Basal HLR på vaksne](#)
- [Fjerning av framandlekam / kveling – vaksne](#)
- [Fjerning av framandlekam / kveling - born](#)
- Skadar / sårbehandling / kuttskadar med fokus på brot, hovudskadar og blødingar.
- Brannskadar
- Drukning – redning
- Forgiftning (blomar, bær, kjemikaliar)
 - Særskilt om sopp: Viktigaste tiltak i barnehagen er førebygging – fjern sopp som er på barnehagen sitt uteområde!
 - Dersom ein har mistanke om at barnet har fått i seg giftige blomar, sopp, kjemikaliar o.l. skal ein snarast kontakte lege.
- Særskilde tema etter ei risikovurdering i skulen/barnehagen; t.d. epilepsi, diabetes m.v.

Opplæring av dei tilsette kan gjerast ved å arrangere førstehjelpskurs, opplæring ved video og/eller ved hjelp av skriftleg undervisningsmateriale. Syner elles til [norsk resuscitasjonsråd](#) si for e-læring, plakatar med vidare.

Folkehelseavdelinga har utarbeidd skriv som inneheld oversikt over tilrådd førstehjelpsutstyr og innhald i førstehjelpsopplæring samt lenker til nyttige plakatar og informasjon. Dette skrivet finn de på heimesida til [Folkehelseavdelinga](#).

§ 17. Smittevern

Barn i skule og barnehage er utsett for infeksjonar og andre smittsame sjukdommar fordi dei er mange personar samla. Folkehelseinstituttet har utarbeidd faglege råd om smittevern i barnehagar. Råda tek føre seg dei fleste sider av smittevern i barnehagar. Råda er òg relevante for barneskulen. <http://www.fhi.no/publikasjoner-og-haandboker/smittevernbooka>

Spreiing av smittsame sjukdomar i barnehage og skule førebyggast best ved å ha gode generelle hygienerutinar som:

- Såpe og papirhandkle ved alle handvaskar. Spritdispensar der det ikkje er tilgjengeleg vatn.
- Vask av hendene etter alle toalettbesøk.

- Bruk av eingongshanskar ved stell av blødande sår og naseblødingar mv.
- Til reingjering ved søl av blod på gjenstandar, golv osv.: Dekk til / tørk av med papir dynka med klor / klorvatn (forhold 1:3); deretter reingjering på vanleg måte med såpe og vatn.

Risiko for smitte av Legionella er i hovudsak knytt til tekniske innretningar som t.d. dusj- og varmtvassanlegg. Det skal utarbeidast rutinar for førebygging av framvekst og spreing av Legionella på skulen. Det viktigaste grepet for å førebygge legioanella er at dusjanlegg vert gjennomspylt med vatn over 70 °C og at dusjhode (og slangar) vert desinfisert med jamne mellomrom med hushaldningsklor. Syner elles til [heimesida til Folkehelseinstituttet](#).

§ 19. Inneklima

Temperaturforhold

Lufttemperatur er saman med lufthastigheit den viktigaste faktoren for kroppen sin varmebalanse. Optimal romtemperatur er mellom 20-24 °C om vinteren og 23-26 °C om sommaren. Folkehelseinstituttet påpeikar at det er viktig at det er mogeleg å opne vindauger for lufting i alle opphaldsrom. *Dersom temperaturen overstig 22°C i fyringssesongen, bør den senkast.* Dette kan gje betydeleg reduksjon i tal personar som opplever tørr luft og andre inneklimaplager. Temperaturforskjellane i rommet er òg viktig for komforten. Særleg viktig er den vertikale temperaturgradienten, som er temperaturforskjellen mellom hovud- og ankelhøgde. Denne bør ikkje overstige 3°C.

Radon

Strålevernet tilrår at radonnivået er så lavt som råd i alle bygningar. Ny måleprosedyre for måling av radon i skular og barnehagar 1.7.2015: Tiltaksgrensa på 100 Bq/m³ og er høgste årsmiddelverdi som kan akseptast før radontiltak eller påfølgande radonmålingar må gjennomførast. For skular og barnehagar er tiltaksgrensa forskriftsfesta i strålevern-føreskrifta

§ 6. Regelverket tilseier at dersom radonkonsentrasjonen i eitt eller fleire rom overstig tiltaksgrensa på 100 Bq/m³, må det *anten* gjerast ei påfølgande trinn 2-måling for å måle konsentrasjonen i brukstida eller gjerast permanente tiltak for å redusere radonnivået etterfølgt av kontrollmålingar. Lenke til Statens Strålevern si "[Måleprosedyre for radon i skoler og barnehager](#)".

CO₂-måling

CO₂ (karbondioksid) er ein atmosfærisk gass med stabile konsentrasjonar i utelufta. Gassen er eit avfallsprodukt i mennesket sin utandingsgass, og varierer difor med personbelastninga i innemiljøet. Gassen i seg sjølv gjev ikkje helseskader ved konsentrasjonar som er mogeleg å oppnå under "normale" forhold, men eit høgt innhald av gassen i lufta fortel at luftutvekslinga (ventilasjonsanlegget) i lokalet er for dårleg. Dette betyr at det òg kan vere andre komponentar i lufta som allergen (f.eks. middrestar), gassar frå materialar, lukt, partiklar osv. som ikkje vert lufta ut. Høge konsentrasjonar av CO₂ vert forbunde med symptom som hovudverk, følelse av å vere trøyt, svimmelheit osv. Fordi CO₂ er lett å måle, brukast ofte denne gassen som *indikator på luftkvalitet* i skular og barnehagar. Tilfredsstillande ventilasjon vil gje CO₂-konsentrasjon under normverdien 1000 ppm.

Relativ luftfuktighet

Relativ fuktighet er eit mål på kor mykje vassdamp lufta inneheld og vert angitt i prosent av full mettingsgrad. Oppleving av tørr luft er vanleg ved inneklimateproblem. Den vanlegaste årsaka til at innelufta vert oppfatta som tørr, er oftast støv / irritantar ev i kombinasjon med høg temperatur. Om vinteren bør relativ luftfuktighet innandørs ikkje overstige 40%.

Elektromagnetiske felt (EMF)

Rundt alt elektrisk utstyr og alle straumførnde leidningar finst det elektriske og magnetiske felt. Det er vanleg å bruke omgrepet elektromagnetiske felt, EMF, som ei kortform for slike felt. Forsking gjev ikkje belegg for at eksponering for EMF gir auka risiko for kreft. Retningslinjene gitt i strålevern føreskrifta seier at all eksponering skal haldast så lavt som mogeleg. Sjå elles heimesida til Strålevernet www.nrpa.no

§ 20. Belysning

Det er viktig at lystilhøve i eit rom er tilpassa den aktiviteten som skal gå føre seg i rommet. Riktig lysforhold skapar gode synsforhold og aukar trivselen. Den gjennomsnittlege belysningsstyrken i vanlege undervisningsrom skal vere minst 300 lux. I rom med veggtafler skal det vere separat tavlebelysning, og belysningsstyrken vertikalt på tavla skal vere minst 500 lux. Pass på å velje lysarmatur / belysning som er lett å halde vedlike med tanke på skifte av rør / lyspærer og reinhald. Unngå hengande lysarmatur.

§ 21. Lydforhold

Dårleg lydforhold i arbeidsrom som for eksempel klasserom kan virke svært forstyrrande på det arbeidet som føregår. Eit problem er støy frå ventilasjonsanlegg. Slik støy skal ikkje overstige 32 dB i undervisningsrom.

Eit anna støyproblem kan oppstå på grunn av dei akustiske eigenskapane til rommet. Harde materialar i golv, veggjar og tak kan gje ein ekkoverknad (etterklang) i rommet slik at det oppstår eit diffust støynivå som verkar trøttande og forstyrrande på t.d. samtaler. Ved iverksetting av støydempande tiltak så tilrår Folkehelseavdelinga at ein unngår bruk av støydempande skyer; dette fordi dei kan fungere som "støvsamlarar" og vere vanskeleg å halde reine.

§ 22. Drikkevatn

Skulen / barnehagen skal ha godkjent drikkevasstilførsel uansett storleik på verksemda. Det skal føreligge rutinar for melding om svikt ved vasskjelda eller kvaliteten på drikkevatnet. Mattilsynet skal godkjenne og føre tilsyn med vassforsyningsystema. Har skulen / barnehagen vatn frå eigen brønn eller privat vassverk må det føreligge rutinar for prøvetaking som dokumenterer at vatnet har god noko kvalitet.

§ 23. Sanitære forhold

- For at barnehagen skal ha tilfredsstillande sanitærforhold, må barna ha tilgang på nok toalett og handsvaskar, minst eitt toalett og eitt blandebatteri pr. 10. barn og minst eitt toalett skal vere tilgjengeleg for rullestol (ref. [TEK 10.](#))
- Stellerom og vaskerom i barnehagen må tilfredsstillende krav til våtrom i [TEK 10.](#)

- Når det gjeld tal toalett på skulen i forhold til elevar vert det minimum anbefalt å ha 1 toalett pr. 20 elev. Enkelte toalett bør nåast frå utearealet; dette gjeld både i barnehage og skule. Desentraliserte toalett vert tilrådd i staden for fellestoalett. Det skal vere tilgjengeleg toalett som er tilpassa rullestolbrukarar.
- For nye bygningar og ved rehabilitering settast det krav til kapasitet, standard og utforming i [TEK 10](#). Dersom det er fleire toalett i eitt sanitæranlegg, bør desse har veggjar frå golv til tak for å hindre innsyn.
- Det skal vere handvask med blandebatteri, papirhandkle og dispenser for flytande såpe i forbindelse med toaletta.
- Barnehagen skal ha skåldesperre på handvaskane.
- Av hygieniske grunnar og av omsyn til reinhaldarane, bør ein bruke plastpose i alle avfallsbøttene. Der det berre blir kasta papir, er det sjølvstikk ikkje nødvendig å bytte pose ved kvar tømning. På toaletta bør ein skifte pose dagleg.
- God praksis i skulen føreset at ein har fysiske og haldningsskapande tiltak for å førebygge krenkande åtferd i samband med bruk av skulen sine dusj- og toalettanlegg.
- Handvaskar med blandebatteri bør finnast i klasserom eller korridorar, spesialrom og lunsjrom/kantine. Folkehelseavdelinga tilrår *vaskerenner* som ei effektiv løysing.
- Dersom ein brukar tøyhandkle i barnehagen til kvart born i staden for papirhandkle, er det viktig at det er såpass avstand mellom knaggane at handklede ikkje kjem nær kvarandre, samt at ein har gode reingjeringsrutinar.

§ 24. Avfallshandtering

Det skal vere rutinar for behandling av søppel og spesialavfall (f.eks. kjemiske rester frå naturfag, lakk/maling frå sløyd, framkallarvæske frå fotolab), samt blod og oppkast. Det skal nyttast hushaldningsklorin som desinfeksjonsmiddel.